

Skårseth (gnr. 48)

Namnet: er sikkert av elvenamnet Skurva.

I diplom av 1410 er namnet skrivi Skurfuesætre, i 1528 Skursett, i 1594 Skursettir og i 1668 Skaarssetter. Uttalen i bygdamålet er S k å r s e t.

I skinnbrevet av 1410 er det fortalt at bonden på Skårset hadde det klangfulle namnet Lafrans Eisteinsson. Det var han som gav grannen sin Haldor Roarsson eit kvernstøe sunnan sydre Berge og ovanfor Skurfursætre. Han er ført i manntalet for den ekstra sølvskatten som er kalla Gjengjerden. Tretti år seinare heitte bonden på garden Svennd Skursett. Han svara da ein bukk i foringsskatt. I lista over bygningsskatten 1594 er gardnamnet skrivi Skursettir, og garden er ført i gruppa for dei 28 største Fåberg-gardane, som alle betalde skatten med 60 skilling. Ved utlikning av tiendekorn i 1604 svara Skårset 2 tdr., som t. d. Holme og Bjørstad og kvar av Rindalsgardane i Vingrum. Sju år seinare er det i 1611 fortalt at Engebret Hofvin, som var stor jordeigande bonde, også åtte 1 hud i "Skaarsetter". Dessutan betalde Asbjørn "Skorsett" leiglendingsskatt. Frå åtte år seinare går det fram at Asbjørn Skorsett var bygselbonde under krona, og at landskylda av garden hans da var 2½ hud og 18 merker fisk. Etter atter mange år var det i 1634 Eluff og Asbjørn som brukte Schorset. Landskylda av garden var da 3 huder.

Frå 23 år seinare har ein lista over Kvegskatten 1657. Der er detfortalt at buskapen på garden i den tid var 2 hopper, 10 naut, 7 geiter og 10 sauer. I mannkjønnsmanntalet av 1665 er Skårset ført i gruppa for "Halfve Gaarde", og det er da opplyst at Elluf Engebretsen og Engebret Ellufsen brukte garden isaman. Faren Elluf var da 70 år, og sonen Engebret var 32.

Landskylda av garden var også da 3 huder.

I 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er namnet skrivi Skaarsetter, og Elluf var framleis oppført som brukar. Derimot åtte Elluf sjølv berre jordgods til 1 hud i Skårset. Dei andre eigarane var Kongen og Elluf var framleis oppført som brukar. Derimot åtte Elluf sjølv berre jordgods til 1 hud i Skårset. Dei andre eigarane var Kongen var ½ hud 18 mrk. fisk, og dessutan Halvor Budsvold i Romedal, som og var eigar av jordgods til 1 hud i Skårset i Fåberg. – Om garden Skårset er dedt elles i matrikkelen av 1668 fortalt at enga, innmarka på garden var god, og at det var skog nok til gards bruk. Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 16 naut, og Skårset hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Melsjøen seter. Det er vidare opplyst at korntienda vart utreidd med 2½ td., som altså svara til ei årsavling på 25 tdr.

Frå 10 år seinare er det fortalt at Skårset var uttatt til ryttergard, og det vart ei varig ordning for lange tider.

Etter atter 20 år fekk i 1698 Ellev Asbjørnsen skjøte frå Nils Jacobsen Smit på garden Skårset av skyld 1 hud. Handelen her galdt, som vi seinare skal sjå, den delen av garden til landskyld ½ hud 18 mrk. fisk som før hadde vore krongods.

Ellev Asbjørnsen, som det her gjeld, var fødd i 1676 og gift med Rangdi Asbjørnsdtr. 1. 1670, Dei hadde to born: Asbjørn f. 1705 og Ole f. 1712. Opplysande er her eit skifte på "Skaarset" den 28. febr. 1711. – Den døde i ætta var da gamle Asbjørn Ellefsen f. 1643, og bondegodset i garden er da oppgitt til 2 huder. Gamle Asbjørn Ellefsen hadde vore gift med Sønnøv Gundersdtr., og dei hadde fire born som i 1711 var i live. Det var: a. Ellev Asbjørnsen, som var eldst, b. Asbjørn, c. Gunder, som var gift med Mari Iversdtr. søre Holme, d. Siri, som var gift med Ole Killerøg (Smerud).

I den tid vi her har for oss komi 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysninga ram gardane. Der er det om "Skaarsetter" fortalt at brukaren heitte Ellev Asbjørnsen, og at han sjølv også var eigar av garden, Skårset av skyld 2 huder 18 mrk. fisk, som da skylda er oppgitt

til. Om garden og gadsbruket er det i matr. forslaget elles fortalt at Skårset ligg i sollia, og at jordarten er god. Det var skog til brenneved og gjerdefang, seter med god hamn og utslåtter til 1 lass høy. Den årlege høyavlinga utgjorde da kring 30 lass og husdyrhaldet var 3 hestar, 18 naut, 14 sauer og 10 geiter. Vidare er det og opplyst at den årlege utsæden av korn var ca. 6 tdr. bygg og litt rug, og Skårset hadde eiga kvern, sikkert ved Skurva elv.

Fjorten år seinare fekk i 1737 Asbjørn Ellevsen og arvingane hans samsøskenskjøte å grd. Skårset, da av skyld 1 hud 9 skind for kjøpesum 189 rd. I samband med denne handelen lånte kjøparen Asbjørn Ellevsen 200 rd. av Lars Olsen Bjerke mot pant i "Schaarset" av skyld 3 huder. Denne obligasjonen vart elles kvittert og avlyst først den 16. febr. i 1762.

Asbjørn Ellefsen f. 1705, som da hadde overtatt garden, var gift med Marit Siversdtr., og dei hadde mange born. Det var: 1. Ronnog f. 1730, gift 1752 med Morten Nilsen Skjeggstad f. 1732, 2. Ellev f. 1732, 3 Sessel f. 1735, g. 1763 m. Erik Larsen Lerhullet, 4. Rønnog f. 1738, 5. Jon, f. 1741, g. 1762 m. Anne Lisbet Jørgensdtr. Sorgendal f. 1739, 6. Asbjørn f. 1743. Asbjørn brukte Skårset til i 1762. Da gav han skjøte til "eldste søn og gaardens sande odels- og aasetesberettigede Ellev Asbjørnsen på gaarden Dragon Qvarteret Schaarset av skyld 3 huder i Faaberg beliggende for sum 450 rd. "Sonen skulle dessutan svara årleg føderåd til foreldra sine".

Ellev Asbjørnsen f. 1732, som da tok over garden, var i 1761 vorte gift med Anne Einarsdtr. Smee f. 142, og dei fekk to born. Det var: a. Marit f. 1762, gift 1786 med Ole Erlandsen Hinkleiv, b. Asbjørn f. 1764.

Om usemje innan familien fortel ei sak som etter avskrift av tingboka har denne ordlyden:

"Skorset i Fåberg

17. febr. 1789.

Ellev Asbjørnsens skjøte til hans søn Asbjørn Ellevsen på grd. Schaarset, skyld 2huder 18 mrk. fisk, for kjøpesum 798 rd.

Protest: Ole Erlandsen Hindklev, gift med Erland Schaarsets datter lot forestille at hans værfar Ellef Schaarset ved dette salg foruretter Ole Hindklev i arvegangstilfelle, idet han selger gården for 798 rd. mens den er værd 2000 rd. og følgelig imot loven gir sin eldste søn, kjøperen, en kapital på over 1200 rd."

Det ser elles ut til at protesten truleg førde til eit forlik som kanskje kosta kjøparen Asbjørn Ellevsen eit hundre riksdaler.

I samband med handelen lånte han allfall 500 rd. av Amund Christophersen Vedum og 400 rd. av Peder Erichsen Sørhove, altså i alt 900 rd. – Tre år seinare gav elles Ellev Asbjørnsen skjøte til "hans stedsøn" Peder Christophersen Hoff på "1/6 part av fiskeriet Brøttet kaldet for 399 rd." – Det var altså eit fiskevarp som var kjent for å vera sers godt og årvisst og vart høgt verdsett.

Asbjørn Ellevsen f. 1764, som i 1789 tok over på Skårset, vart same året gift med Margrete Kristensdtr. Storberge, og dei fekk fleire born. Det var: a. Anne f. 1790, g. 1815 m. Iver Iversen Ersgaard, b. Erik f. 1792, g. 1815 m. Mari Kristensdtr. Smee, c. Eli f. 1794, g. 1825 m. Ole Eliassen f. 1794, d. Kristen f. 1797, g. 1829 m. Anne Fr.dtr. Sundgaarden, e. Ole f. 1801, g. 1825 m. Ingeborg Jensdtr. n. Langset, f. Peder f. 1803, g. 1827 m. Ingeborg Olsdtr. Andersstuen, g. Johannes f. 1810.

Etter dette var det ved folketellinga i 1801 Asbjørn Ellevsen og kona hans som da var husbondsfolk på garden. Det budde da 6 familier på og ved Skårset. Det var:

1.familie: 1. Asbjørn Ellevsen, husbonden, 37 år, 2. Margrete Kristensdtr., kona hans, 32, 3. Anne Asbjørnsdtr., dotter deres 11 år, 4. Erik Asbjørnsen, son deres, 9 år, 5. Eli Asbjørnsdtr. 6 år, 6 Kristen Asbjørnsen, 3 år, 7. Peder Jonsen, tenestkar, 22 år, 8. Nils Olsen, tenestkar, 19

år, 9. Marit Pedersdtr., tenestkvinne, 31 år, 10. Kjersti Hansdtr., tenestkvinne, 25 år, 11. Mari Olsdtr., tenestkvinne, 17 år.

2. familie: 1. Ellev Asbjørnsen, føderådsmann, 68 år, 2. Marit Henningsdtr., føderådskvinne, 78 år, 3. Lars Olsen, sølvsmed, 41 år, 4. Marit Larsdtr., legdslem, 74 år.

3. familie: 1. Rasmus Larsen, husmann med jord, skomaker, 52 år, 2. Guri Olsdtr., kona hans, 53 år, 3. Ole Rasmussen, son deres, 18 år, 4. Anne Rasmusdtr., dotter deres, 15 år, 5. Peder Rasmussen, 12 år, 6. Maria Rasmusdtr., 7 år.

4. familie: 1. Hans Johansen, husmann med jord, 51 år, 2. Marit Henningsdtr., kona hans, 52 år, 3. Rasmus Hansen, son deres, 10 år.

5. familie 1. Jon Jonsen, husmann med jord, dragon, 2. Anne Engebretsdtr., kona hans, 35 år, 3 Ole Jonsen, knappmaker, bror til mannen, 26 år, 4. Randi Asbjørnsdtr., enke, går i dagleige, 75 år.

6. familie Ole Olsen, innerst utan jord, går i dagleige, 52 år, 2. Marit Eriksdtr., kona hans, 48 år, 3. Ole Olsen, son deres, 16 år, 4. Kjersti Olsdtr., 12 år, 5. Ingebor Olsdtr., 8 år, 6. Marit Olsdtr., søster til mannen, går i Dagleige, 35 år, 6. Ingebor Larsdtr., dotter hennes, 8 år, 7. Berte Olsdtr., dotter hennes, 4 år.

Frå 1811 er ei tinglyst sak om at Asbjørn Ellevsen Skårset hadde lånt 56 rd. 41 1/3 skill. av myndlingen Beret Olsdtr., og frå året etter er ei sak om at han for myndlinge pengar hadde pantsatt Skårset av skyld 2½ hud 18 mrk. fisk. Kristen Jongerud og Jørgen Sorgendal takserte da garden Skårset for 4000 rd. Der er ein illustrasjon til koss det var under inflasjonennog statskonkursen i 1812.

Frå to år etter er eit makeskiftebrev mellom lensmann Nils Fliflet og Asbjørn Skårset, der den første fekk Skårsetødegården og den siste eit stykke av Kurud. Eit halvt år seinare overdrog elles lensmann Fliflet, også ved makeskifte, Skårsetødegården til Erik Tordsen.

I 1818 var det Erik Asbjørnsen f. 1792 som hadde overtatt Skårset. Han lånte da 600 spd. av Erik Hansen Skoug. – Etter atter eit åt kom i 1819 det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Skårset m. a. fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 5 hestar og 24 naut, og at den årlege kornavlinga var ca. 78 tdr. Det går elles fram at det da var 4 husmannsplassar med brukande jord til Skårset. I tida frå 1817 til 1822 var det heile fleire tinglyste saker som galdt Skårset. Blant dei er såleis ei tingsvitne-sak som etter utskrift av tingboka er sålydande:

”Fåberg 17. mars 1817.

Tingsvidne,

Erich Skaarseth, Erich Lysgaard, Erich Ersgaard, N.Fliflet m. fl. har innstevnt Christen Rustaden ang. hugst m. v. i nordre Aals sameieskog.

Innstevnte benektet søksmålet, da intet var hugget uten det som er nødvendig. Han begjærte utsettelse. 1. vidne, som var innstevntes husmann, hadde hugget endel trær for ham til lav og hustømmer nedenfor den i spørsmålet omtalte linje. Det var ikke hugget noe som ikke kunne brukes til tømmer. De andre vidner, som hadde været i innstevntes tjeneste, hadde likeledes denne og forrige vinter hugget for ham til lav og tømmer. Den av innstevnte utsettelse kunde ikke innvilges.

Tingsvidnet sluttet.”

Om Skårset sag handlar ei sak i ei samantrengt utskrift er referert slik:

”Skorset Sag i Fåberg.

15. febr. 1819.

Erik Iversen Ersgaard fremla en under dags dato avholdt beholdt besiktigelses og skjønnsforretning over hans sag, Skaarseth Sag, og fogdens utnevning til det brukte lagrette.”

Det var altså Erik Ersgaard som i den tid hadde Skårset Sag.

Året etter gav i 1820 Asbjørn Ellevsen Skaaarseth skjøte til sonen sin Erik Asbjørnsen, på grd. Skårset for kjøpesum 600 spd. + føderåd til faren. I samband med handelen lånte kjøparen Erik Asbjørnsen 500 spd. av Erik Lysgaard mot årleg rente og 1. pr. pant i grd. Skårset.

I 1820-21 gav så Erik Asbjørnsen Skårset skjøte til Peder Torgersen Holme på husmannsplassen Hansbakken m. fl. for sum 100 spd. Vidare gav han og tinglyst husmannsseddel til Peder Jonsen på Skårsethaugen. Frå denne tida er og eit skjøte frå Erik Skårset til Engebret Fagstad på eit vassfall i Skurva elv.

Erik Asbjørnsen Skårset f. 1791 og hustru Mari Kristensdtr. hadde 6 born. Det var: a- Anders f. 1816, død ugift, b. Kristine f. 1818, død ugift, c. Margrete f. 1820 død ugift, d. Matias f. 1824, e Sessel f. 1828, g. m. G. Svendsen, målarmeister i Drammen, f. Johanne f. 1831, sjukleg.

Ved matrikuleringa av gardane i 1839 var Skårset vorte delt i to løpenummer. a. løpenr. 174a Skårset m/Korsneskostens fiskeri, som fekk ny matrikkelskyld 8 skylddalar 2 ort 16 skilling, og som Kristen Asbjørnsen da hadde overtatt, b. løpenr. 174b. Skårset av ny skyld 2 skylddalar 4 ort 16 skill., som Engebret Pedersen da hadde.

I 1859 gav Kristen Asbjørnsen skjøte til son sin Andreas Kristensen på løpenr. 174a Skårset for kjøpesum 800 spd. + føderåd takset til 400 spd.- Same året var det og utskifting av seterskog på Melsjøen seter. I mellomtida hadde elles Engebret Pedersen i 1852 gitt skjøte til son sin Ole Engebretsen på løpenr. 174b Skårset for sum 550 spd. + føderåd verdsett til 150 spd.

Kristen Asbjørnsen f. 1797 var som vi veit gift med Anne Fr.dtr. Sundgaarden, og dei fekk 3 born. Det var: a. Andreas f. 1830, g. m. Berte Larsdtr. Roverud, b. Berte f.1832, g. m. Johs. Arnesen Smee, c. Helene f. 1834. Vi har vidare sett at sonen Andreas Kristensen fekk skjøte på løpenr. 174a Skårset i 1859.

I samband med folke- og landbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det etter ei kjelde fortalt at det samle jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer hos Andreas Skårset da var 311 mål, og av dette var 111 mål av 1. klasse. Dessutan var det da under løpenr. 174 to bruksnr. Sagbakken der dei tilsvarande tal tils. var 175 mål 58 mål. Etter ei anna kjelde går det fram at same året var buskap og utsæd hos Andreas Skårset: 4 hestar, 23 storfe og 24 småfe, og utsæden: 4 tdr. korn og 9½ td. settepoteter.

Frå 1881 vart ein parsell av Skårset av namn Skårsetødegården skyldsett frå garden og seld til Nils Pettersen for kjøpesum kr. 800,-. Sasmtidig gav og Ole Skårset skjøte til Andreas Kristensen Skårset på br.nr. 3 Skårset for sum kr. 6.400,-.

Etter atter 7 år kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk da tildelt nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld, rekna i mark og øre . – Skårset i Fåberg fekk da gardsnr. 48 av samla skyld 20,85 mark, og det var alt i 1886 fire bruksnummer under gr.nr. 48 Skårset. Det var: a. Gr.nr. 48, br.nr. 1 Skorset av skyld 14,66 mark, eigar ell. brukar: Andreas Kristensen, b. br.nr. 2 Sagbakken, skyld 1,14 mark, eigar ell brukar: Johannes Asbjørnsen, c. br.nr. 3 Skorset, skyld 4,72 mark, eigar ell. brukar Andreas Kristensen, d. br.nr. 4 Ødegaarden, eigar ell. brukar: Nils Pettersen. – Eina merker seg at gardsnamnet her i matrikkelen av 1886 er skrivi Skorset.

Frå fem år seinare er ein "Aastedsforligelseskommisjonskjendelse" avsaugt 12. juni 1891, der eigaren av Hammerseng vart frådømt eigedomsrett til "Holmsveien". – Seks år seinare gav i 1897 Andreas Skårset skjøte til son sin Kristen på ættegarden Skårset for kjøpesum kr. 5.000,-. I denne tida var og ein skjønns- og takstforretning for avståing av grunn til kjøreveig frå Olasvea til Nordseterveigen. I mellomtida gav Johannes Asbjørnsen på Sagbakken også skjøte til sin son Andreas Johannesen på Sagbakken for kjøpesum kr. 1.200,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 300,-. Her på Sagbakken var det elles i denne tid fleire handlar med bruket. Frå 1903 er såleis er ei erklæring om forkjøpsrett til Sagbakken for Kr. A. Skaarset og framtidige eigarar av Skårset. Same året gav og Johannes Andreassen Sagbakken skjøte til Andreas Mathiasen Bergehagen for kr. 2.100,-. Same hausten var det og skylddelingsforretning, og parsellen br.nr. 5 Nygaard, som vart skyldsett til 0,36 mark. Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da vidare skjedd dei skifte at gr.nr. 48, br.nr. 4 Ødegården av skyld 0,33 mark var overtatt av N. Petersen Skaarset, og br.nr. 5 Nygård var overtatt av Ole Kr. Nilsen Stang. – I det komm. manntal for 1907 er det ført to gardbrukarar på Skårset: Kristen A. og Anton A. Skårset. Det er elles opplyst at det enda var 3 husmenn på Skårset: Ole Olsen Karistuen, Ole Johannessen Haugen og Iver Iversen Rønningen. Elles budde tømmermannen Ole Asbjørnsen også ved Skårset, likeså tømmermannen Ole Asbjørnsen, murar Ole Nilsen Stang budde på Skårsetsagbakken. Der budde og tømmermann Andreas Mathiasen.

Av handlar med garden og/eller parseller av garden i seinare tid tek vi tilslutt med at Andreas Skårseth eller onkelen Kristen Skårseth i 1927 overtok ættegarden. Elles overtok da Karl Amundsen i 1928 gr.nr. 48, br.nr. 7 Sanne av skyld 0,02 mark. Ret etter kjøpte Birger Moshølen br.nr. 8 Heggelia av skyld 0,01 mark, og Nils Thorsen kjøpte i 1930 br.nr. 10 Myrskogen av skyld 0,20 mark, og året etter kjøpte Johannes Asbjørnsen br.nr. 11 Sagheim, skyld 0,01 og etter atter eit år kjøpte i 1932 Anton Asbjørnsen br.nr- 13 Bjørkhaug av skyld 0,02 mark, og Andreas Skaarseth kjøpte br.nr. 14 Engeberg av skyld 0,03 mark. Br.nr. 15 Utsyn vart i 1933 selt til Ottar Pettersen, og same året kjøpte Sigmund Kleiven br.nr. 16 Berg av skyld 0,03 mark. 0,03 mark var og matr.skylda på br.nr. 17 Lønberg, som Aksel Lønberg kjøpte i 1935. Tåle Johnsen kjøpte i 1936 tomt til Storhagen revegård og året etter kjøpte Kristian Sagbakken br.nr. 20 Rønningen øvre, skyld 0,10 mark, og br.nr. 21 Solhaug, skyld 0,02 mark, vart i 1939 selt til Asmund Rustadstuen.

Ved jordbrukstellinga i 1939 var det såleis vorte 21 bruksnummer under gardsnr. 28 Skårset. Av desse 21 bruksnr. var det likevel berre 7 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: a. Gr.nr. 48, br.nr. 1, 3 Skårset med jord.br. areal ca. 120 mål og med Andreas Skårseth som eigar og brukar, b. br.nr. 2 Sagbakken, areal: ca. 20 mål, eigar og brukar: Andreas Sagbakken, c. br.nr. 4 Ødegård, areal ca. 36 mål, eigar og brukar Johs. Jørstad, d. br.nr. 5 Nygård, areal: ca. 12 mål, eigar Gunda Stang, e. br.nr. 9 Skårsethaugen, areal: ca. 20 mål, eigar og brukar: Alfred Kråbøl, f. br.nr. 12 Ålstad, areal: c. 45 mål, eigar og brukar Taale Johnsen, g. br.nr. 20 Rønningen øvre, areal ca. 10 mål, eigar og brukar: Kristian Sagbakken.